



## Referat frå møte i felles brukarutval 9.desember 2020

Tid: Kl 11.00 - 13.50

Stad: Digitalt møte – virtuelt møterom join [999527@uc.nhn.no](mailto:999527@uc.nhn.no)

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	fråvær
Audun Nedrebø	FFO (HLF)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Liv Krognes	FFO (LPP)	
Åshild Helleset	FFO (MS-forbundet)	
Per Tollefsen	SAFO (NFU)	
Eldbjørg Lie	SAFO (NFU)	x
Gro Indrebø	Rusettervernet	
Lisbeth Johnsen	Kreftforeningen – hjernesvulstforeningen	
Magnus Strand	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	X?
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Synnøve Solhaugen Engen	KS - Helse og omsorgsutvalet	
Elin Therese Sørbotten	KS/Førde kommune	
Børge Tvedt	Helse Førde	x

Nr	Saker
32/20	Etter noko startvanskår med digitale oppkopling- ønskte leiar Audun velkommen til det virtuelle møterommet. Innkalling og sakliste godkjend utan merknad.
33/20	Godkjenning av referat frå forre møte – ingen aksjonspunkt.
34/20	Saka utgjekk sidan klinikkdirektør Børge Tvedt hadde meld forfall
35/20	<p>Nytt frå kommunane v/ Elin Sørbotten</p> <p>1.Pandemien</p> <p>Nokre lokale utbrot, men kommunane har god kontroll og nyoppdaga smitte vert handtert fortløpende. Fokus på vanleg drift, og normal aktivitet. Interkommunal cohort, 16 av kommunane har slutta seg til vertskommunesamarbeidet. Kohorten ligg i Sunnfjord kommune. Fortsatt samarbeid kring smittevernustyr, men frå nyttår vert den nasjonale ordninga med smittevernustyr avvikla.</p> <p>2.Felles samhandlingsmøteføra</p> <p>Nye leiatarar, møta skal vere i kommunane i 2021. Vert lagt opp til digitale møter vår/sommar, og etter det fortløpende vurdering om fysiske møter vert mogleg å gjennomføre ilp av året.</p> <p>Norunn Stavø, kommunalsjef Kinn kommune er leiatar av fagrådet.</p> <p>Håkon Loftheim, kommunedirektør Askvoll er leiatar av koordineringsrådet.</p> <p>3.Helsefellesskap</p> <p>Etablert arbeidsgruppe på tvers av kommunane og Helse Førde.</p> <p>Fagrådet var opprinnelig arbeidsgruppe, men det viste seg krevjande for så mange å møtast. Difor har arbeidsgruppa redusert antal medlemmar - fastlege og brukarrepresentant er med.</p> <p>4.E-læringskurs samhandlingsavvik</p> <p>Har vore jobba bra med dette, og utvikla eit E-læringskurs til bruk i Helse Førde og kommunane. Kurset er publisert på samhandling Sogn og Fjordane sine nettsider og sendt alle kommunane til fritt bruk.</p>
36/20	Liv Stenbakk orienterte om bakgrunn og prosess for evaluering av utvalet si eiga verksemda gjennom perioden. Ho presenterte resultatet av spørjeundersøking i eigen PP-presentasjon, som elles fylgjer i vedlegg til referatet. Sju av 11 brukarrepresentantar hadde gjeve si tilbakemelding i evalueringa, noko som utgjer ca 64%.

	Utvalsmedlemmene gav honnør til Liv og gode tilbakemeldinga på arbeidet som var gjort med evalueringa. Mange gode spørsmål, men framlegg om at ein til seinare kanskje burde prioritere meir mellom viktige og mindre viktige spørsmål. Fleire viktige resultatpunkt som det nye brukarutvalet bør ha fokus på. Påtropende leiar føreslo at medlemmene studerte resultatet, og kunne kome med ytterlegare tilbakemeldingar iht hovudkonklusjonen i samband med utsending av referatet. Vidare ville han saman med Liv og sekretariatet førebu sak til utvalet med framlegg til HP 2021-2022. Frist for tilbakemelding på dette vert sett til 31.12.2020.
37/20	Leiar Audun orienterte frå møte i kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonshemmning. Her var samhandling med brukarutval i kommunane tema på siste møtet. Litt diskusjon mellom utvalsmedlemmene omkring gjensidig publisering av aktuelle møtereferat. Det var semje om at FBU bør verte meir kjend både i HFD og kommunane, både internt i organisasjonane og eksternt mot publikum generelt. Dette er ei sak til kontinuerleg oppfølging for det nye utvalet.
38/20	<u>Forslag til møteplan i 2021 samrøystes vedteken</u> <b>13.januar      25.mars      9.juni</b> <b>8.september    29.oktober    8.desember</b>
39/20	Forslag til årsmelding 2020 var utsend på førehand, og etter noko diskusjon omkring presentasjon av tabell for prosjekt, råd og utval – vart årsmeldinga vedteken slik den ligg føre. Sekretariatet supplerer med avslutta årsrekneskap og andre måltal.
40/20	Open post - utvalet sin time - diverse/ eventuelt Ingen aktuell oppnemning av brukarrepresentantar til prosjekt, råd og utval Deltaking i prosjektarbeid – leiar informerte om at innsjekk og betaling-prosjektet no er avslutta med tilbakemelding om god funksjon. Sekretariatet informerte om vedtak i Koordineringsrådet - nytt FBU 2021-2022.